



Meland kommune

Tilleggsinnkalling til Kommunestyret

Møtedato: 27.09.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 15.00

Eventuelle forfall må meldast til Randi Helene Hilland per tlf. 56171034, sms til eller per epost til randi.hilland@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
95/2017	Interpellasjon - Høve til lading av el-bil på arbeidsplassen for kommunalt tilsette

12. oktober 2017

Øyvind H. Oddekalv
møteleiar

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv	FA - K21, TI - &29	17/2195

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
95/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Interpellasjon - Høve til lading av el-bil på arbeidsplassen for kommunalt tilsette

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Høve til el-bil lading for kommunalt tilsette på arbeidsplassen

Kommunen sin visjon seier at "Vi vil at kommunen skal utviklast i eit mest mogeleg klima- og energieffektivt samfunn", som ein del av den bærekraftige utviklinga. I Klima- og energiplan til Meland kommune, har vi vedtatt fleire tiltak for å redusera klimagassutsleppa i kommunen, mellom anna i vegtrafikksektoren. I tiltaksanalysen på s.55 i planen har kommunen særskilt lagt vekt på 6 prioriteringar. Mellom anna skal vi prioritere å "(u)tvikla energi- og klimaeffektive transportløysingar, som auka bruk av kollektive transportløysingar, trygge gang- og sykkelveggar, overgang frå diesel og bensin til naturgass og elektrisitet som energikjelder".

Vi har òg sett oss delmål i planen for å vite om vi er på rett veg. Mellom anna skal vi "Utvikle eit energi- og klimaeffektivt kommunesenter" samt "Redusere spesifikk energibruk og klimagassutslepp frå all transport, til og frå kommunen med 15% innan 2020", og "leggje til rette for bruk av el eller naturgass i båtar og køyrety".

Kommunen har eit stort handlingsrom for å leggje betre til rette for tiltak som i stor grad ikkje har vorte fulgt opp. Andelen lågutslepps- og nullutsleppsbilar aukar i heile landet, ikkje minst i Meland. Kommunen sine innbyggjarar ligg langt framme i ei heilt nødvendig omstilling. Det er derfor viktig at offentlege og private verksemder legg til rette for el-bil lading for sine arbeidstakarar.

Kommunen som ein attraktiv arbeidsgjevar må leggje til rette for at dei som arbeider i kommunal sektor kan nytte lågutslepps transportkøyrety.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vil leggje til rette for lademogelegheter på alle kommunale bygg og sikre tenelege ordningar fram til ladepunkt er installert.
2. Kommunestyret ber formannskapet ta investeringar for etablering av ladepunkt ved skulane og andre offentlege bygg inn i budsjetthandsaminga for 2018.

Underteikna: Karina Garnes Reigstad, gruppeleiar Miljøpartiet Dei Grøne

Framlegg til vedtak: